

Prisjustering av bompengetakstane for Bypakke Bergen frå 1. januar 2024



Den 1. januar vert bompengetakstane i bomstasjonane i Bergen justerte etter konsumprisindeksen (KPI). Takstane vert justerte med grunnlag i takstvedtak fatta av Vegdirektoratet 14.11.23.

Nye takstar frå 01.01.24:

| Bypakke Bergen | | Takstgruppe 1 | | | Takstgruppe 2 | | |
|--------------------------|-----------------|---------------|--------------|--------------|-----------------|---------|--------------|
| | | Diesel | Normal takst | Null-utslepp | Euro V og eldre | Euro VI | Null-utslepp |
| Full pris | Utanfor rushtid | 35,00 | 29,00 | 12,00 | 82,00 | 44,00 | 0,00 |
| | Rushtid | 66,00 | 60,00 | 23,00 | 145,00 | 88,00 | 0,00 |
| Pris med AutoPASS-avtale | Utanfor rushtid | 28,00 | 23,20 | 9,60 | 82,00 | 44,00 | 0,00 |
| | Rushtid | 52,80 | 48,00 | 18,40 | 145,00 | 88,00 | 0,00 |

Tabell 1: Bompengetakstar for Bypakke Bergen.

Rushtid (06:30-09:00 og 14:30-16:30) gjeld ikkje i dei nye bomstasjonane som vart etablerte i høve til Prop. 11 S (2017-2018) som opna i 6. april 2019.

Takstgruppe 1 er køyretoy med tillaten totalvekt til og med 3 500 kg.

Takstgruppe 2 er køyretoy med tillaten totalvekt over 3 500 kg.

Personbiler med tillaten totalvekt over 3 500 kg i køyretoykategori M1 med gyldig AutoPASS-avtale og brikke får takstar som køyretoy i takstgruppe 1.

Køyretoy i takstgruppe 1 med AutoPASS-brikke og gyldig avtale får 20 prosent rabatt.

Køyretoy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.

Elles gjeld vilkår for bompengar gitt etter gjeldande takstretninglinjer for bompengeprojekt. Takstvedtaket er tilgjengeleg på <https://ferde.no/takstvedtak> For meir informasjon: www.miljøøftet.no og www.ferde.no

Takstendringa kan klagast på til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage kan sendast til Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo, eller firmapost@vegvesen.no

